

Læreplan i Vg1 helse- og oppvekstfag (Utkast)

Om faget

Fagrelevans og sentrale verdier

Helse- og oppvekstfag skal dekkje samfunnsbehovet for helse- og meistringsfremjande arbeid innanfor helse- og oppveksttenestene. Faget skal gi elevane eit grunnlag for å arbeide med menneske i alle livssituasjonar i eit mangfaldig og fleispråkleg samfunn i endring. Faget skal bidra til å fremje helse, utvikling og meistring for den enkelte tenestemottakeren. Faget skal vidare bidra til at elevane utviklar praktiske ferdigheiter, og til å fremje yrkesidentitet og medvit om profesjonelt arbeid og profesjonell service.

Alle fag skal bidra til å realisere verdigrunnlaget for opplæringa. Vg1 helse- og oppvekstfag skal medverke til fleirkulturell og fleispråkleg forståing og respekt i yrkesutøvinga. Det skal òg bidra til at yrkesutøvinga byggjer på respekt for at menneske er forskjellige, og på at konflikhtar kan løysast på fredeleg vis. Faget skal bidra til nysgjerrigheit og til kritisk tenking innanfor helse- og oppvekstfaga. Vidare skal faget bidra til at elevane utviklar god dømmekraft og evne til å utøve profesjonelt fagleg skjønn. Faget skal òg bidra til å gi elevane kunnskap om pliktene og rettane til arbeidsgivaren og arbeidstakaren og om betydninga av trepartssamarbeidet, der arbeidsgivaren, arbeidstakaren og den lovgivande makta jobbar saman for å utvikle eit betre arbeidsliv. Gjennom arbeidet med faget skal opplæringa støtte og bidra til den sosiale læringa og utviklinga til elevane. Faget skal òg utvikle eit inkluderande fellesskap for alle.

Kjerneelement

Kjerneelementa i Vg1 helse- og oppvekstfag rammar inn det viktigaste innhaldet i faget og beskriv det elevane må lære for å kunne meistre og bruke faget.

Helse og meistring

Kjerneelementet helse og meistring handlar om forhold som bidreg til å fremje fysisk og psykisk helse. Kjerneelementet handlar òg om korleis kroppen er bygd opp og fungerer med utgangspunkt i det friske mennesket. Vidare handlar det om korleis ein som yrkesutøvar kan bidra til å fremje ein aktiv og sunn livsstil for menneske.

Kommunikasjon og relasjonar

Kjerneelementet kommunikasjon og relasjonar handlar om kommunikasjon og samhandling mellom menneske i alle aldrar og livssituasjonar. Kjerneelementet handlar òg om å kunne reflektere over si eiga åtferd og kva ho har å seie i møte med andre menneske. Å kunne bruke observasjon som metode er sentralt i faget. Vidare handlar det om brukarmedverknad og service.

Yrke, etikk og velferdsteknologi

Kjerneelementet yrke, etikk og velferdsteknologi handlar om å møte menneske i ulike livssituasjonar med toleranse og respekt. Kjerneelementet handlar òg om at elevane skal få vere nysgjerrige og skapande og

utvikle evne til kritisk tenking og refleksjon når det gjeld bruk av velferdsteknologi. Vidare handlar det om etiske retningslinjer og om verdien av tverrfagleg samarbeid i yrkesutøvinga. Det handlar òg om profesjonell yrkesutøving, kunnskap om relevant lovverk og om korleis helse- og oppveksttenestene er bygde opp..

Tverrfaglege tema

Folkehelse og livsmeistring

I Vg1 helse- og oppvekstfag handlar det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring om å gi elevane forståing, respekt og toleranse for andre menneske. Temaet handlar òg om å gi dei forståing av kva som gir eit godt liv, og korleis dei som yrkesutøvarar kan rettleie brukarane til å gjere gode helseval. Folkehelse og livsmeistring skal vidare bidra til å gi elevane kunnskap om mennesket i ulike livsfasar.

Demokrati og medborgarskap

I Vg1 helse- og oppvekstfag handlar det tverrfaglege temaet demokrati og medborgarskap om at elevane skal kunne tenkje kritisk, handtere meningsbryting og respektere usemje. Temaet skal òg bidra til at elevane legg vekt på brukarmedverknad og individuelle rettar og plikter i yrkesutøvinga. Det handlar òg om at det å delta i arbeidslivet er viktig for utviklinga og velferda til den enkelte og til samfunnet.

Berekraftig utvikling

I Vg1 helse- og oppvekstfag handlar det tverrfaglege temaet berekraftig utvikling om korleis forbruk og aktivitetar påverkar miljøet, og om at yrkesutøvarar må ta ansvarlege val og handle etisk og miljømedvite. Temaet skal bidra til å gi elevane forståing av dei konsekvensane levestilten og ressursbruken til menneske har både lokalt, regionalt og globalt. Vidare handlar temaet om at krava til kvalitet, tryggleik og verdiskaping i arbeidslivet påverkar ei berekraftig utvikling.

Grunnleggjande ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i Vg1 helse- og oppvekstfag inneber å kunne kommunisere med andre gjennom samtalar og presentasjonar og å kunne bruke relevante faguttrykk. Det inneber òg å kunne uttrykkje og argumentere for eigne observasjonar og å kunne kommunisere med kollegaer og tenestemottakarar i ulike livssituasjonar.

Å kunne skrive

Å kunne skrive i Vg1 helse- og oppvekstfag inneber å kunne ytre seg forståeleg og på ein formålstenleg måte om helse- og oppvekstrelaterte tema. Det inneber òg å kunne utarbeide planar og dokumentasjon som er aktuelle i faget. Vidare inneber det å kunne kombinere ulike uttrykksformer som tekst, bilete og symbol i kommunikasjon med kundar og brukarar.

Å kunne lese

Å kunne lese i Vg1 helse- og oppvekstfag inneber å kunne tileigne seg ny kunnskap og innsikt gjennom faglitteratur, statistikk, lovtekstar og planar. Det handlar òg om å kunne tileigne seg, behandle, tolke og vurdere informasjon frå digitale kjelder og å kunne tolke illustrasjonar og symbolbruk. Å kunne lese

inneber vidare å kunne bruke relevante faguttrykk og vurdere innhaldet i tekstar ut frå fagkunnskap og egne erfaringar.

Å kunne rekne

Å kunne rekne i Vg1 helse- og oppvekstfag inneber å kunne resonnere, bruke rekneverktøy og utføre enkle økonomiske berekningar. Vidare inneber det å kunne hente informasjon frå tabellar, statistikk og diagram. Det inneber òg å kunne bruke ulike rekneartar og måleiningar i arbeidet med helse, ernæring og kosthald.

Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i Vg1 helse- og oppvekstfag inneber å vere kreativ og skapande med digitale ressursar og kunne kommunisere og samhandle med andre. Det inneber å bruke digitale ressursar formålstenleg og forsvarleg for å løyse praktiske oppgåver. Digitale ferdigheiter inneber òg å utvikle digital dømmekraft ved å tileigne seg kunnskap og gode strategiar for nettbruk. Det handlar vidare om å fange opp teknologiske endringar i faget, finne relevant informasjon og vurdere kjelder kritisk.

Kompetansemål og vurdering

Kompetansemål og vurdering helse (140 årstimar)

Kompetansemål etter helse

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- beskrive hvordan kroppen er bygd opp og reflektere over hvordan den fungerer
- beskrive hva som fremmer psykisk og fysisk helse, og reflektere over egen helse og livsstil
- planlegge, gjennomføre og vurdere aktiviteter som bidrar til mestring for tjenestemottakere
- planlegge og vurdere kosthold og fysisk aktivitet som bidrar til vekst, utvikling og god helse
- anvende hygieniske prinsipper for å fremme god helse

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal fremje læringa. Elevane skal kjenne til kva dei skal lære, og kva det blir lagt vekt på når kompetansen deira skal vurderast. Læraren og elevane skal planleggje den vidare læringa med utgangspunkt i den kompetansen elevane viser. Elevane skal få tilbakemelding om kva dei meistarar, og dei skal få rettleiing i korleis dei kan utvikle kompetansen sin.

Elevane får høve til å utvikle kompetansen sin når dei arbeider med oppgåver knytte til fysisk og psykisk helse og til korleis kroppen er bygd opp og fungerer. Elevane viser kompetanse ved å bruke fagomgrep. Elevane viser kompetanse når dei planlegg, gjennomfører og vurderer aktivitetar for utvikling og meistring.

Læraren skal leggje til rette for aktiv læring, slik at elevane opplever motivasjon og meistring i arbeidet med faget. Elevane skal få hjelp til å setje ord på eiga læring.

Undervegsvurderinga skal bidra til at elevane utviklar forståing og evne til refleksjon og kritisk tenking i faget. Læraren skal leggje til rette for at elevane får delta i læringsprosessen og vurderinga av sitt eige arbeid, og for at dei får reflektere over si eiga faglege utvikling.

Standpunktvurdering

Standpunkt karakteren skal uttrykke kompetansen til elevane ved slutten av opplæringa i programfaget. Då gjer læraren ei samla vurdering. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at elevane på ulike måtar får vist all kompetansen dei har i faget helse, og når arbeidsoppgåvene dekkjer fleire av eller alle programfaga.

Med utgangspunkt i kompetansemåla skal elevane få vise forståing og evne til refleksjon og kritisk tenking, og dei skal få vise korleis dei meistar utfordringar og løyser oppgåver i kjende og ukjende situasjonar.

Kompetansemål og vurdering kommunikasjon (140 årstimar)

Kompetansemål etter kommunikasjon

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- kommunisere og samhandle med tenestemottakarar i ulike aldrar og livssituasjonar
- beskrive relasjonsferdigheiter og reflektere over eiga åtferd i møte med tenestemottakarar
- vise omsorg og yte service i møte med tenestemottakarar
- bruke observasjons- og kommunikasjonsferdigheiter i ulike arbeidssituasjonar

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal fremje læringa. Elevane skal kjenne til kva dei skal lære, og kva det blir lagt vekt på når kompetansen deira skal vurderast. Læraren og elevane skal planleggje den vidare læringa med utgangspunkt i den kompetansen elevane viser. Elevane skal få tilbakemelding om kva dei meistar, og dei skal få rettleiing i korleis dei kan utvikle kompetansen sin.

Elevane får høve til å utvikle kompetanse i faget gjennom undervegsvurdering når dei arbeider med relevante arbeidsoppgåver. Elevane viser kompetanse når dei viser kommunikasjons-, observasjons- og relasjonsferdigheiter og yter service og omsorg i yrkesutøvinga.

Læraren skal leggje til rette for aktiv læring, slik at elevane opplever motivasjon og meistring gjennom relevante arbeidsoppgåver. Elevane viser kompetanse når dei planlegg, gjennomfører og vurderer aktivitetar for utvikling og meistring.

Undervegsvurderinga skal bidra til at elevane utviklar forståing og evne til refleksjon og kritisk tenking i faget. Læraren skal leggje til rette for at elevane får delta i læringsprosessen og vurderinga av sitt eige arbeid, og for at dei får reflektere over si eiga faglege utvikling.

Standpunktvurdering

Standpunktkarakteren skal uttrykkje kompetansen til elevane ved slutten av opplæringa i programfaget. Då gjer læraren ei samla vurdering. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at elevane på ulike måtar får vist all kompetansen dei har i faget kommunikasjon, òg når arbeidsoppgåvene dekkjer fleire av eller alle programfaga.

Med utgangspunkt i kompetansemåla skal elevane få vise forståing og evne til refleksjon og kritisk tenking, og dei skal få vise korleis dei meistarar utfordringar og løyser oppgåver i kjende og ukjende situasjonar.

Kompetansemål og vurdering yrke (197 årstimer)

Kompetansemål etter yrke

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- utforske yrka innanfor helse- og oppveksttenestene og reflektere over eige yrkesval
- reflektere over og vise korleis brukarmedverknad kan gjennomførast i praksis
- beskrive hvilke krav og forventninger som blir stilt til en profesjonell yrkesutøver og reflektere over egen praksis
- vise til relevant regelverk som regulerer arbeid i helse- og oppveksttenestene
- utforske og vurdere moglegheitene velferdsteknologi kan gi i yrkesutøvinga
- gjennomføre og dokumentere arbeid i samsvar med gjeldande regelverk for helse, miljø og sikkerheit
- utføre grunnleggjande førstehjelp
- beskrive og reflektere over etiske dilemma i yrkesutøvinga
- reflektere over betydninga av samarbeid mellom yrkesgrupper

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal fremje læringa. Elevane skal kjenne til kva dei skal lære, og kva det blir lagt vekt på når kompetansen deira skal vurderast. Læraren og elevane skal planleggje den vidare læringa med utgangspunkt i den kompetansen elevane viser. Elevane skal få tilbakemelding om kva dei meistarar, og dei skal få rettleiing i korleis dei kan utvikle kompetansen sin.

Elevane får utvikle kompetansen sin når dei utforskar yrke i helse- og oppveksttenestene og reflekterer over eige yrkesval. Elevane viser kompetanse når dei bruker velferdsteknologi, reflekterer over bruken og utfører arbeidsoppgåver i praksis. Elevane viser òg kompetanse når dei beskriv forventningar og krav til ein profesjonell yrkesutøvar. Vidare viser dei kompetanse når dei viser kommunikasjons-, observasjons- og relasjonsferdigheiter og yter service og omsorg i yrkesutøvinga.

Læraren skal leggje til rette for at elevane får øve og vise utvikling gjennom varierte, praktiske og utforskande arbeidsmåtar på ulike læringsarenaer. Elevane skal få hjelp til å setje ord på eiga læring.

Elevane skal få medverke i si eiga og andre si læring når dei jobbar praktisk med faget, gjennom at dei reflekterer over, samtaler om og gir og får tilbakemeldingar.

Undervegsvurderinga skal bidra til at elevane utviklar forståing og evne til refleksjon og kritisk tenking i faget. Læraren skal leggje til rette for at elevane får delta i læringsprosessen og vurderinga av sitt eige arbeid, og for at dei får reflektere over si eiga faglege utvikling.

Standpunktvurdering

Standpunkt karakteren skal uttrykke kompetansen til elevane ved slutten av opplæringa i programfaget. Då gjer læraren ei samla vurdering. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at elevane på ulike måtar får vist all kompetansen dei har i faget yrke, òg når arbeidsoppgåvene dekkjer fleire av eller alle programfaga.

Med utgangspunkt i kompetansemåla skal elevane få vise forståing og evne til refleksjon og kritisk tenking, og dei skal få vise korleis dei meistar utfordringar og løyser oppgåver i kjende og ukjende situasjonar.

Vurderingsordning

Programfaget helse: Elevane skal ha éin standpunkt karakter.

Programfaget kommunikasjon: Elevane skal ha éin standpunkt karakter.

Programfaget yrke: Elevane skal ha éin standpunkt karakter.